



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		111483/2020	Olav Arne Vatne, 71 28 02 61	01.09.2020

Høring om reduksjon av rutetilbodet for hurtigbåt og ferje 2021

Møre og Romsdal fylkeskommune er inne i ei økonomisk krevjande tid som fordrar innsparing også på ferjedrift i åra framover.

Fylkestinget har i sak T-88/19, Reduksjon av driftsnivået i samferdselssektoren – Omstilling 2020 gjort vedtak om at det skal gjerast innsparingar i drifta innan mellom anna buss, båt og ferje. Det er gjort vedtak om reduksjonar på buss frå og med 17 .august. Fylkestinget har vedtatt at ferjeramma skal reduserast med 12 millionar i 2020, 20 millionar kroner i 2021 og ytterlegare 10 millionar i 2022. I tillegg skal hurtigbåt-drifta reduserast med ein million kroner utover vedteken nedlegging av Romsdalaruta. Det blir gjennomført eiga høring neste år om kutt for 2022.

Fylkeskommunen har difor starta opp ein prosess med å tilpasse driftsnivået på ferje og hurtigbåt. Det er viktig å merke seg at desse reduksjonane er bestemt uavhengig av eit stort inntektsbortfall i ferjedrifta som følgje av koronapandemien. Det kan difor ikkje sjåast bort frå ytterlegare reduksjonar i tilbodet som følge av den manglande finansiering frå billettinntektene.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir bedne om å kome med desse no (frist 9. oktober 2020). Det er i denne prosessen viktig at kommunane involverer t.d. skular, trafikknemnder og grendelag for også å få innspel derifrå.

Innsparinga i båt- og ferjedrifta er ein prosess som går parallelt med den årlege ruteendringsprosessen 2021. Saka om reduksjon i samsvar med fylkestinget sitt vedtak skal opp til politisk behandling i samferdselsutvalet og fylkesutvalet hausten 2020.

På bakgrunn av dei omfattande endringane i ferjetilbodet som desse innsparingane førar med seg, vil fylkeskommunen kome tilbake med ei eiga høring vedkommande reduksjonane frå og med 2022.

Dagens rutetabellar ligg tilgjengeleg på www.frammr.no

For å kunne gjennomføre reduksjonar i 2020 i samsvar med fylkestinget sitt vedtak på 12 millionar kroner, blei det på nokre samband ikkje satt i verk planlagd *auke* i ruteproduksjon. Desse avgangane vert ein del av dei varige reduksjonane. Avgangar som ikkje er starta opp i høve planlagd *auke* vert synleggjort nedanfor i *kursiv*.

Ytre Sunnmøre:

- *Rute 08 Volda – Lauvstad*

Endringane som vart gjennomført den 1.1.2020 blir vidareført i 2021. Dette er ein reduksjon av ein rundtur på morgonen, ein rundtur på laurdag morgon, og ein rundtur på søndag morgon i høve anbodstabell i ny kontrakt som startar opp i 2021.

Romsdalspakken

- *Rute 30 Solholmen – Mordalsvågen*

Dagens tabell er harmonisert opp mot kollektivtrafikken/bussane til og frå Midsund. To avgangar på formiddagen er ikkje starta opp på kvardagar, laurdag og søndag i høve anbodstabellen i ny kontrakt.

- *Rute 31 Aukra – Hollingsholmen*

Dagens rutetabell på Aukra – Hollingsholmen er harmonisert, og to avgangar på laurdag er ikkje starta opp i høve anbodsrutetabellen.

Nordmørspakken

- *Rute 46 Kvanne – Rykkjem*

Dagens tabell er harmonisert og det ble gjort mindre endringar i opningstida. Talet på avgangar er oppretthaldt.

- *Rute 49 Arasvika - Hennset*

Dagens rutetabell blei harmonisert opp mot sambandet til Smøla og Seivika. Det er ikkje starta opp to avgangar på kvardagar, på laurdag er fire avgangar ikkje starta opp, og på søndagar er fire avgangar ikkje starta opp morgon/kveld samanlikna med anbodstabellen.

- *Rute 50 Seivika – Tømmervåg, A-rute*

Dagens rutetabell ble harmonisert mot sambanda på Nordmøre og to avgangar er ikkje starta opp på laurdag morgon samanlikna med anbodsrutetabell.

- *Rute 54 Edøy – Sandvika*

Dagens rutetabell er harmonisert mot sambanda på Nordmøre . Det er ikkje starta opp to avgangar på kvardagar, to avgangar på laurdag morgon og to avgangar på søndag mot anbodsrutetabell.

Indre Sunnmøre

- Rute 09 Hundeidvika - Festøya

Det er ikkje starta opp med to avgangar på kvardagar, to avgangar på laurdag og to avgangar på søndag i høve anbudsrutetabell.

- Rute 15 Eidsdal – Linge

D-ferjeavgangane (ferje nr 4) vil ikkje bli innført fram til og med 2023.

Følgjande forslag til rutekutt er utarbeida etter ein prosess saman med båt- og ferjeoperatørane.

Rutene som er foreslått med rutekutt er lista opp under:

Båt:

- Rute 05 Hareid:

Med bakgrunn i fylkestinget sitt krav til innsparing i hurtigbåtdrifta vil vi vurdere å nytte fartøyet MS Valderøy (199 Pax) framfor MS Godøy (296 Pax) i Hareidruta. Om ein finn dette grepet høveleg, kan det føre til at ein slepp unna større kutt i ruteproduksjonen.

Rute 23 Langevåg:

Kutt i ruteproduksjon bør skje der det er til minst skade for dei reisande. Reisande mellom Ålesund og Langevågen har i dag eit godt alternativ for reise gjennom det fylkeskommunale busstilbodet. Kutt i heile- eller delar av laurdagsproduksjonen i Langevågsruta kan difor vere eit mogleg innsparingstiltak.

Ferje:

Ytre Sunnmøre

- Rute 01 Larsnes - Åram - Voksa - Kvamsøya

Bestillingstur på natt kuttet både kvardagar og helg.

- Rute 02 Årvika - Koparneset

Reduksjon av åtte avgangar på kvardagar, tolv avgangar på laurdag og åtte avgangar på søndag innanfor opningstida.

1. Reduksjon av avgangar på kvardagar frå Årvika kl. 09:15, 10:45, 12:45 og 17:45.
2. Reduksjon av avgangar på laurdag frå Årvika kl. 07:45, 09:15, 10:45, 13:45, 15:15 og kl. 16:45.
3. Reduksjon av avgangar på søndag frå Årvika kl. 13:15, 14:45, 17:15, og kl. 20:15

Sulapakken

- Rute 06 Hareid – Sulesund

1. Innstilt C-ferje i 8 veke om sommaren.

Romsdalspakken

- Rute 30 Solholmen – Mordalsvågen

Reduksjon av opningstid på kvardagar og helg.

1. Reduksjon av siste avgang på vekedagar med avgang frå Solholmen til Mordalsvågen kl. 00:05 som blir tatt ut av produksjon for heile året.
2. Reduksjon av første og siste avgang på laurdagar, dvs. at avgang frå Solholmen til Mordalsvågen kl. 06:40 og 00:40 blir tatt ut av produksjon for heile året.
3. Reduksjon av siste avgang på søndagar frå Solholmen til Mordalsvågen kl. 00:05.

- Rute 36 Sjølsnes - Åfarnes

B-ferjeproduksjonen innstillast på laurdagar og søndagar i trafikksvak del av året (ni mnd).

Nordmørspakken

- Rute 49 Arasvika - Hennset

Reduksjon av opningstida på kvardagar og helg.

1. Kvardagar blir første avgang kl. 06:00 frå Hennset og siste avgang frå Arasvika kl. 18:45.
2. Laurdag blir første avgang kl. 09.00 frå Hennset og siste avgang frå Arasvika kl. 17:45.
3. Søndag blir første avgang kl. 12.30 frå Hennset og siste avgang frå Arasvika kl. 21:45.

- Rute 54 Edøy – Sandvika

1. Reduksjon av siste avgang på laurdag frå Edøya kl 23.45.

Indre Sunnmøre

- Rute 09 Hundeidvika - Festøya

Reduksjon i opningstida – kuttar 4 siste avgangar på kvardagar

1. Reduksjon av fire siste avgangar på kvardagar, dvs. avgang frå Hundeidvika kl. 17:45 og kl. 18:45 blir tatt ut av produksjon for heile året.

- Rute 12 Sæbø – Leknes

Reduksjon av opningstida på kvardagar og helg.

1. Kvardagar blir siste avgang frå Sæbø kl. 21.00 og avgang frå Leknes kl. 21:30.

2. På laurdag og søndag blir første avgang frå Sæbø kl. 07.30 og siste avgang frå Sæbø blir kl. 21.15 med retur frå Leknes kl. 21.30.

Vi ber om at innspel blir sendt oss innan 9. oktober (utan at heile saksbehandlinga frå kommunen vert vedlagt). Gjer vel å send innspel til post@mrfylke.no.

Dersom noko er uklart ver vennleg å ta kontakt med Jesper Wiig: jesper.wiig@mrfylke.no eller Olav Arne Vatne: olav.arne.vatne@mrfylke.no.

Med helsing

Jesper Wiig
seksjonsleiar drift

Olav Arne Vatne
rådgivar